

1.1.14 Skulehelsetensta ved Jærtun Lutherske Friskule 2018-2019

SKULEHELSETENESTA VED JÆRTUN LUTHERSKE FRISKULE

Skulehelsetenesta skal i følge forskrift¹ fremme helse og førebygge sjukdom og skade. Skulehelsetenesta skal arbeide for å fremme elevens lærings- og utviklingsmiljø og bidra til ein helsefremmande livsstil.

Jærtun er tilknytt skulehelsetenesta i Time og har eit godt samarbeid med dei. Dei tilbyr oss dei same helsetenester som i offentleg skule. Nokre av tilboda deira har vi takka nei til, og tilbyr i staden alternativ vegleing. Det skuldast at Skulehelsetenesta er forplikta på offentlege læreplanar. Jærtun følgjer ikkje desse i alle fag, men har andre godkjente planar. Vi ynskjer å sikre at undervisninga er i tråd med våre planar i spørsmål om samlivsetisk rettleing.

Kontaktpersonar for skulehelsetenesta på Jærtun:

Liv Thu Oftedal, helsesyster Time kommune, Liv.Thu.Oftedal@time.kommune.no>
tlf 51 77 62 36. Ho har kontortid på Jærtun kvar måndag i oddetalsveker. Frå kl 0830-1100.

Jorunn Kverme, sjukepleiar. Tilsett av Jærtun. Tlf 971 49 889, jorunnk@jaertun.no. Ho har fast samtaletid onsdag kl 0830-0915.

| Trinn | | Ansvar | |
|--------|---|------------------------|--------|
| | | Time skulehelseteneste | Jærtun |
| 2. | Tetravac-vaksine (difteri, stivkrampe, kikhoste og polio.) Informasjon- og samtykkeskjema blir gitt til foreldre før vaksinasjon. | X | |
| 3. | Gruppesamtalar om helse og trivsel. Foreldre får eit helseopplysningsskjema dei skal fylla ut i førekant. | X | |
| 3. | Vekt- og lengdemåling. | X | |
| 5. | Gruppesamtalar om pubertet. Foreldra får eit informasjonsskriv i førekant. | | X |
| 6. | MMR-vaksine (meslingar, kuma og raude hundar). | X | |
| 7. | HPV-vaksine (for førebygging av livmorhalskreft). Informasjons- og samtykkeskjema til foreldre før vaksiner. | X | |
| 8. | Individuelle samtalar med alle elevar med utgangspunkt i helseopplysningsskjema. | | X |
| 8. | Høgde og lengdemåling | X | |
| 8.-10. | Samtalar og oppfølging ved behov. | | X |
| 10. | Vaksinasjon, Polio, stivkrampe, difteri og kikhoste | X | |

¹ Forskrift om kommunens helsefremmande og forebyggende arbeid i helsestasjons- og skulehelsetjenesten

Skulehelsetenesta i Time har dessutan følgjande tilbod som er opne også for elevar på Jærtun:

- Delta på temadag om kjærleik, seksualitet og egne grenser, med besøk frå politi, jordmor, Amatheia, LLH/Skeiv Ungdom.
- Gruppetilbod til born og foreldre som har utfordringar når det gjeld psykiske vanskar, rusproblem og/eller kroniske sjukdommar
- Helsestasjon for ungdom. Lågterskeltilbod for ungdom. (I kjellaren på Helsestasjonen i Bryne – tlf. 51776304)

Foreldre kan også ta sjølvstendig kontakt med skulehelsetenesta for spørsmål og samtale.

Revidert 26.10.2018 OAM